



- Eg vart litt forbausa i morgontimane i dag, då kystvaktskipet KV Tor gjekk nesten heilt inni fjøresteinane i Uskedalen, seier ein oppsittar i Beinavikjo til uskedalen-no
- Men ganske snart forsto eg jo at det galdt eit spesialoppdrag som hadde med fiske og fangst å gjera, legg vedkommande til.

Det har ikkje lukkast å få kontakt med nokon ansvarlege i hovudkvarteret i Sortland, men frå anna hald har vi fått opplyst at Kystvakten sjekkar om det framleis ligg hummerteinar ute sjølv om fisket nyleg er slutt.

På biletet er KV Tor på veg over Beinavikjo.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen